

## **Oppsummering av innkomne innspel**

Temabasert oppsummering av innspel til Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029.

### **Satsingsområde 1: Etablere eit kystråd**

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Tilråding frå fylkesrådmannen</b>
Fellesnemnda for Kinn kommune  Flora kommune  Vågsøy kommune	Det bør bli tatt initiativ til å etablere eit ungdommens kystråd.	Delvis tatt til følgje.  Oppgåva «Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten» er tillagt kystrådet.  Etablering av eit kystråd for ungdom kan bli aktuelt i framtida.
Ungdomspolitisk utval	Det bør bli etablert eit kystråd for ungdom der representantar frå dei ulike ungdomsråda sit i styret. Rådet skal jobbe for prioritering av kysten, skaparkraft og nyskaping, samt vidareutvikling av ungdomsdemokratiet.	Som ovanfor.
Eivind Hjellum	Det er for utydeleg kva som skal vere kystrådet si oppgåve. Ei viktig oppgåve for eit kystråd vil bli å etablere semje om viktige tiltak og viktige prosessar.	Delvis tatt til følgje.  Kystrådet er initiativtakar eller støtte på dei fleste av oppgåvene i planen. Dette er no og presisert i «Kysten tek sats i lag!».  Kystrådet skal sjølv definere eit nærmare mandat og kva oppgåver dei ønskjer å prioritere.
Selje kommune	Kystrådet må ha ein klar rollefordeling andsynes dei eksisterande regionråda i SFJ.	Tatt til vitende.

		<p>Det er ikkje foreslått at kystrådet skal vere eit regionsråd.</p> <p>Kystrådet skal sjølv definere eit nærmare mandat og kva oppgåver dei ønskjer å prioritere.</p>
HAFS regionråd	Kystrådet sitt arbeid må ta tak i kystindustrimiljøa, samferdsleutfordringa, BAS-regionar, kompetanse etc.	<p>Tatt til vitende.</p> <p>Sjå ovanfor.</p>

## Satsingsområde 2: Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsoner

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Innstilling frå fylkesrådmannen</b>
Selje kommune	<p>Meiner formuleringa «ta styringa i kampen om sjøareala» er uheldig formulering og heller ikkje synes å avspegle innhaldet i strategien på ein sjølvforklarande måte.</p> <p>Sidan ein ynskjer medverknad i planarbeidet kan vere uheldig å nytte kampformuleringa.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje.</p> <p>Fylkesrådmannen sin intensjon med formuleringa var å spisse bodskapen, og strategigruppa støtta dette.</p>
Fiskeridirektoratet	Fylkeskommunen bør sterkt oppmoda til, eventuelt sjølv ta initiativ til, oppstart av interkommunale arealplanar for sjøområda langs kysten. Dei fyrste kommunane ut bør vere Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora.	<p>Ikkje tatt til følgje.</p> <p>Interkommunale arealplanar skal initierast av kommunane sjølve. I første omgang er behovet å få til eit felles kunnskapsgrunnlag.</p>
Selje kommune	Ein bør prioritere å fastsette den funksjonelle strandsona og samstundes etablere strategiar for busetting, reiselivstiltak og næringsutvikling i strandsona langs kysten. Dette er viktig for å kunne legge til rette for føreseieleg og langsiktige utviklingsplanar i attraktive områder.	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Innarbeida som ein del av strategiområde 2, som også endrar namn til «<i>Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsoner</i>»</p>

HAFS regionråd	Det bør vere eit punkt om kompetansebygging/infoutveksling mellom representantar for arealkrevjande næringar og lokalpolitikarar langs kysten.	Tatt til følgje. Innarbeida i strategiområde to.
Direktorat for mineralforvaltning	Kommunane sine arealplanar må sørge for at utvinning av verdifulle mineralførekomstar ikkje blir hindra som følgje av utbygging el.	Tatt til vitende. Dette blir handtert i kommuneplanane.
Fylkesmannen Sogn og Fjordane	Er samde i at konkrete retningsliner for arealbruk ikkje bør vere i denne strategiplanen, men i ein seinare regional plan for arealbruk.	Tatt til vitende. Retningsliner for arealbruk blir gitt i regional plan for arealbruk.
Fellesnemnda for Kinn kommune Flora kommune Vågsøy kommune	Planen må legge til rette for å kunne bruke 100-metersbeltet både til fritid, bustad og næring der det ligg til rette for dette.	Tatt til følgje. Er blitt innarbeida som ein del av strategiområde 2, som også endrar namn til « <i>Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone</i> »
Fylkesmannen Sogn og Fjordane	Kommunane på kysten må få til eit godt samarbeid om overordna planlegging. Oppdaterte, overordna og juridisk bindande arealplaner er vesentleg for å vege natur og næringsinteresser mot kvarandre.	Tatt til vitende. Det er opp til kommunane om dei ynskjer å samarbeide med andre kommunar om planlegging.

### Satsingsområde 3: Knyte saman kysten med betre infrastruktur

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Innstilling frå fylkesrådmannen</b>
Fellesnemnda for Kinn kommune Flora kommune	Auka persontrafikk med båt langs kysten må kunne realiserast langt tidlegare enn det som ligg i gjeldande planverk, og innanfor gjeldande konsesjonsperiode.	Tatt til følgje. « <i>Arbeide for auka persontrafikk med båt langs kysten</i> » er lagt til som

Vågsøy kommune		oppgåve under strategiområde tre. Kystrådet står om initiativtakar.
Selje kommune	Satsinga på betre infrastruktur for å utvide BAS-områda må inkludere kommunikasjon ut av fylket. Dvs. Kystveg Bergen- Ålesund, samt Stad skipstunell.	Tatt til følgje. Presisert under strategiområde tre.
Kystverket	Kystverket arbeider med to skisseprosjekt for farleiltak mellom Bergen-Førde og Førde-Stad. Desse er tenkt spelt inn til neste NTP, og vil då vere avhengig av støtte frå fylkeskommune og kommunar.	Tatt til følgje. Det er formulert eit nytt til tiltak som kystrådet har ansvar for: «Støtte og følgje opp kystverket sitt arbeid med farleiltak inn mot ny NTP, samt tilskotsordningar innan godsoverføring og hamnesamarbeid langs kysten.»
Kystverket	Viser til si tilskotsordning innan godsoverføring og hamnesamarbeid. Oppmodar kommunar og næringsaktørar til å søke	Sjå ovanfor.
Stavøy grendalag	Eit godt samferdsletilbod på sjøen er ein føresetnad for busetjing på øyane. Dei lokale båtrotene må bevarast, og aller helst utvidast.	Tatt til følgje. Det er formulert eit tiltak som kystrådet har ansvar for: «Arbeide for auka persontrafikk med båt langs kysten».
Eivind Hjellum	Manglande samband over Førdefjorden er eit viktig hinder for samarbeid. Som førebels løysing bør det etablerast ferjesamband over ytre Førdefjorden	Tatt til vitende. Regional strategisk plan for kysten kan ikkje endre på prioriteringane som er vedteken i Regional transportplan. Kystrådet har i oppgåve å etablere semje langs kysten om prioriteringane

		inn mot neste handlingsperiode 2022-2025.
Eivind Hjellum	Lokale båtruter som går "nesten til nabokommunen" kan få meir nytte viss dei utvidast noko.	Sjå ovanfor.
Eivind Hjellum	Tilførselsvegar til hamner bør vere ei prioritert oppgåve.	Sjå ovanfor.
Eivind Hjellum	Dei nemnde "viktige satsingane for kysten" er for snevre (td. Svelgen- Indrehus). Kystvegen Ålesund- Bergen er strategisk viktigaste å få gjennomført, og må prioriterast framfor andre fylkesvegar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje vedteke noko framdriftsplan for denne.	Sjå ovanfor.
Direktorat for mineralforvaltning	Ein bør unngå at planlagde tiltak kjem i konflikt med sjøtransporten til/frå mineralførekomstane.	Tatt til vitende.  Dette tema blir handsama i kommunane sine areal- og reguleringsplanar.
Eivind Hjellum	Sogn og Fjordane fylkeskommune burde tilrådd at staten tok over ansvaret for kystvegen som ein riksveg.	Tatt til vitende.  Regional strategisk plan for kysten kan ikkje endre på prioriteringane som er vedteken i Regional transportplan.  Kystrådet har i oppgåve å etablere semje langs kysten om prioriteringane inn mot neste handlingsperiode 2022-2025.
HAFS regionråd	Sogn og Fjordane må presse på for å komme tidleg i gang med utgreiing av hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund	Sjå ovanfor.

Stavøy grendalag	Næringsliv og busetjing på øyane langs kysten er avhengig av at andregenerasjonsbreiband blir utbygt så raskt som mogleg.	Tatt til vitende.  Det er allereie eit punkt om breiband i strategiområde tre.
Fellesnemnda for Kinn kommune  Vågsøy kommune	«Under punktet om infrastruktur må det innarbeidast at Kysten samlar seg om Flora lufthamn som kysten si lufthamn.»	Tatt til vitende.  Regional transportplan omtalar luftfarten generelt, og det er dermed ikkje naturleg å ta med dette her.
Flora kommune	«Under punktet om infrastruktur må det innarbeidast ei formulering om Florø Lufthamn si viktige regionale rolle og trafikknutepunkt, samt lufthamna si avgjerande rolle for offshore transport og beredskap for heile Vestlandet.»	Sjå ovanfor.
Direktorat for mineralforvaltning	Meiner mineralressursar som tema bør handsamast betre i kunnskapsgrunnlaget.  Mineralressursane si betyding for næring, og næringa si betyding for klima og miljø må kome betre fram. Viser til rapporten "harde fakta", spes. Kap 8 om miljø og bærekraft.	Tatt til følge.  Kunnskapsgrunnlaget er supplert, sjå punkt 3.8 Mineralnæringar.

#### Satsingsområde 4: Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Innstilling frå fylkesrådmannen</b>
Eivind Hjellum	Regionen må tilførast oppgåver innan handel, offentlig forvaltning og høgare utdanning	Tek innspelet til vitende.  Ligg allereie som ei av kystrådet sine oppgåver.

Eivind Hjellum	Flora er utpeika som regionsenter for kysten, og bør difor tilførast statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar	Tek innspelet til vitende.  Å arbeide for at Florø får tilført statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar ligg som ei av kystrådet sine oppgåver.
Strategigruppa	På strategigruppemøtet spelte strategigruppa inn at det burde komme eit eige punkt om at meir breidde og variasjon i arbeidsmarknaden er avgjerande for at kystregionen skal bli meir attraktiv å flytte til og bli buande i.	Tatt til følgje.  Breidde og variasjon i arbeidsmarknaden er understreka i innleiinga til satsingsområde 4 « <i>Auke skaparkrafta og evna til nyskaping</i> ».
Fellesnemnda for Kinn kommune  Flora kommune  Vågsøy kommune	Ein internasjonal ambisjon må inn under punktet om finansiering av skaparkraft. Det kan vere aktuelt med finansiering innan EU og Horisont 2020.	Tatt til følgje.  « <i>Ta i bruk tilgjengelege verkemiddel for å fremje internasjonal finansiering av utviklingsprosjekt, og få fram slike prosjekt.</i> » er komme inn som eige tiltak under satsinga.
Selje kommune	Vi må komme bort frå tanken om at kysten berre har kystnæringar. Vil ikkje ha næringsorganisasjon berre for kystkommunane, eller berre for kystnæringane.	Tatt til følgje. Nemninga « <i>kystnæringane</i> » er omformulert til « <i>næringslivet på kysten</i> » i både strategidokument og kunnskapsgrunnlag.
Selje kommune	Det trengs ein strategi for å løfte turistnæringa på kysten gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og felles prosjekt.	Ikkje tatt til følgje.  Vurdert som ivareteke i Verdiskapingsplanen.
HAFS regionråd	Det bør vere eit eige punkt om "verdiskaping i verneverdig kultur og naturlandskap", med fokus på berekraftig bruk innan reiseliv og utmarksbasert landbruk.	Ikkje tatt til følgje.  Vurdert som å ligge under verkeområdet for andre

		fylkeskommunale planar. Verdiskapingsplanen og Regional plan for kultur.
Eivind Hjellum	Viktig å få fram at kysten ikkje berre skal leve av kystnæringar. Attraktivitet sikrast gjennom næringsmangfald.	Tatt til følgje. Nemninga « <i>kystnæringane</i> » er omformulert til « <i>næringslivet på kysten</i> » i både strategidokument og kunnskapsgrunnlag.
Direktorat for mineralforvaltning	Også for mineralnæringa er det viktig å styrke kunnskapsmiljøa knytt til næringa.	Tatt til følgje.  Kunnskapsgrunnlaget er supplert, sjå punkt 3.8 Mineralnæringar.
Direktorat for mineralforvaltning	Det ligg eit grunnlag for næringsutvikling her som kanskje bør vektleggjast sterkare i kunnskapsgrunnlaget	Tatt til følgje.  Kunnskapsgrunnlaget er supplert, sjå punkt 3.8 Mineralnæringar.
Selje kommune	Styrke vidaregåande og høgskuleutdanninga innan marin og maritim næring	Tatt til følgje.  Delar av innspelet er ivaretatt i Verdiskapingsplanen og skulebruksplanen.  Det er innarbeidd eit nytt punkt under satsingsområde 4 om at kystrådet skal arbeide med utdanning innan marin og maritim næring.
Eivind Hjellum	HVL si ingeniørutdanning om Subsea i Florø bør byggjast ut med andre teknologifag.	Sjå ovanfor.
Eivind Hjellum	Akvakultur utdanninga ved HVL, som tidlegare låg i Sogndal, bør etablerast på nytt i Florø.	Sjå ovanfor.
Fellesnemnda for Kinn kommune	Det må innarbeidast ei satsing på kompetanse og næringsutvikling knytt til nullutslepp innanfor samferdsel og særleg knytt til båttransport.	Tatt til følgje.



Flora kommune Vågsøy kommune		Eige punkt «arbeid med nullutsleppsåtar t.d. hydrogensatsinga» er lagt inn som eit særskilt relevant tema under tiltak nummer to i satsinga om auka skaparkrafta og evna til nyskaping.
---------------------------------	--	---

### Innspelet til kunnskapsgrunnlag

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Innstilling frå fylkesrådmannen</b>
Eivind Hjellum	Kunnskapsgrunnlaget bør ta tak i kvifor kysten av Sogn og Fjordane utviklar seg spesielt svakt samanlikna med kysten i andre fylke.	Ikkje tatt til følgje.  Kunnskapsgrunnlaget omtalar dette på ulike stader som under næringsstruktur, og storleik på arbeidsmarknadar.  Strategigruppa var opptatt av signaleffektane av å vektlegge dette ytterligare i planarbeidet, og ønskte såleis ikkje oppfølging av dette innspelet.
Bergen sjøfartsmuseum	Det kan vere verdt å hente inn informasjon om kva effekt kulturminne har på talet tilreisande, til dømes kva effekt Kvernsteinsparken har for Hyllestad kommune.	Tek innspelet til vitende.  Dette bør følgjast opp i ei nærare utgreiing om reiseliv som kan bli gjort i samband med Verdiskapingsplanen.

## Generelle innspel

<b>Høyringspart</b>	<b>Kort oppsummering av innspelet</b>	<b>Innstilling frå fylkesrådmannen</b>
Fellesnemnda for Kinn kommune Flora kommune Vågsøy kommune	"..vekst og bærekraft og mange gjestande". Foreslår å fjerne ordet "mange". Upresist og mogleg konflikt med bærekraftmålet (kan td. opne for omfattande satsing på cruisetrafikk, utan at andre omsyn blir ivareteke). Endra til "fleire gjestande".	Tatt til følgje.  I målet er formuleringa endra frå «mange gjestande» til «fleire gjestande».
Selje kommune	Forslag til omformulering av målet: "Ein attraktiv kystregion med gode moglegheiter for å bu, drive næring og besøke"	Ikkje tatt til følgje.  Hovudmålsetjinga i planen er drøfta politisk ved fleire høve, og er ikkje ønskeleg å endre.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast for at omsynet til eldre skal bli ivareteke. Det gjeld spesielt for punkt 1 om etablering av kystråd, og punkt 3 om samferdsle.	Delvis tatt til følgje.  Oppgåva «Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten» er tillagt kystrådet.
Fylkesrådet for eldre	Dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast for at omsynet til eldre skal bli ivareteke. Det gjeld spesielt for punkt 1 om etablering av kystråd, og punkt 3 om samferdsle.	Delvis tatt til følgje.  Oppgåva «Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten» er tillagt kystrådet.
Selje kommune	Det må komme tydelegare fram kva som ligg i omgrepet "attraktivitet". Er det Telemarksforsking sin definisjon som ligg til grunn? Det bør også komme tydelegare fram kva "type" attraktivitet som bør prioriterast? Næring, besøk eller bustad?	Tatt til vitende.  I kunnskapsgrunnlaget går det fram at det er Telemarksforsking sin definisjon av attraktivitet som er nytta.

Selje kommune	Strategiane i planen må ikkje setjast på vent som følgje av region/kommunereform. Konkrete prosjekt må knytast til personar/institusjonar som får ansvar for iverksetjing.	Tatt til vitende.  Det er ikkje planlagt noko opphold i den vidare prosessen som følgje av kommune og/eller fylkessamanslåing. Tiltaka i plandokumentet er knytt til institusjonar.
Eivind Hjellum	Dei generelle strategiane bør omsetjast til konkrete handlingsplanar	Tatt til vitende.  Det er vurdert som at dette er ivareteke med tiltaka i planen.
Eivind Hjellum	Planen må innehalde ambisjonar som forpliktar. Hovudmålsetjinga "Ein kystregion som er attraktiv etc" er ikkje konkret nok til at vi i etterkant kan måle om den er oppnådd.	Tatt til vitende.  Planen inneheld ambisjonar som forpliktar.  Hovudmålsetjinga i planen er drøfta politisk ved fleire høve, og er ikkje ønskeleg å endre.
Bergen sjøfartsmuseum	Kystkommunane i Sogn og Fjordane bør bli oppfordra til å utarbeide kulturminneplanar.	Ikkje tatt til følgje.  Fylkeskommunen har eiga satsing på dette.
Bremanger kommune	Kommune vurderer at Strategisk plan for kysten i Sogn og Fjordane 2018-2029 bør vedtakast slik den ligg føre, med unntak for mål om felles arealplan for kystkommunane.	Tatt til vitende.  Interkommunale arealplanar skal initierast av kommunane sjølve. I første omgang er behovet å få til eit felles kunnskapsgrunnlag.
Noregs vassdrags- og energidirektorat	Ingen merknad til planen	Tatt til vitende.

Solund kommune	Stiller seg bak høyringsfråsegn frå HAFS regionråd. Elles ingen merknadar.	Tatt til vitende.
AVINOR	Ingen merknader til planen.	Tatt til vitende.
Vågsøy kommune	På side 9 i hovuddokumentet foreslår kommunen å lage eit kulepunkt ekstra, eventuelt to til erstatning for den om sjømat: o Påpeke viktigheten av akvakultur på vår kyst o Utrykke ønske om/vilje til å legge til rette for mer videreføring av sjømat på land	Tatt til vitende.  Dette innspelet gjeld Verdiskapingsplanen, og kan dermed ikkje bli endra i kystplanen.